



Statsforvaltaren i Vestland

# Tilråding med verneforskrift og kart av Stad marine verneområde i Vestland



Statsforvaltaren i Vestland

29.09.2022

## Innhald

1. Samandrag av vår tilråding for oppretting av Stad marine verneområde .....	3
1.1 Tilråding.....	3
1.2 Heimelsgrunnlag.....	3
1.3 Vurdering jamfør naturmangfaldlova kapittel II .....	4
1.4 Sterkt engasjement mot taretråling.....	7
1.5 Verneverdiar.....	7
1.6 Trugsmål mot verneverdiane .....	9
1.7 Andre interesser.....	10
2. Sakshandsaming .....	13
2.1 Bakgrunn .....	13
2.2 Sakshandsaming.....	14
3. Viktige endringar i verneprosessen .....	15
3.1 Avgrensing og arealomfang.....	15
3.2 Verneforskrifta .....	16
3.3 Namnsetjing .....	16
4. Forvaltning, økonomiske og administrative konsekvensar.....	16
5. Merknadar til verneforslaget .....	17
5.1 Høyringspartar og uttalar.....	17
5.2 Generelle merknadar og haldningar til vern .....	18
5.3 Særleg om taretråling.....	19
5.4 Kommune- og reguleringsplanar.....	21
5.5 Fysiske inngrep.....	22
5.6 Fiske og akvakultur.....	23
5.7 Hamner og naust.....	23
5.8 Testanlegg for flytande vindmølle.....	23
5.9 Kulturminne.....	24
5.10 Verneverdiar.....	24
5.11 Forvaltningsstyresmakt.....	25
5.12 Avgrensing av området .....	25
5.13 Verneforskrifta .....	27
6. Vårt framlegg til forskrift for Stad marine verneområde .....	28
7. Vernekart: Oversiktskart og detaljkart.....	32

# 1. Samandrag av vår tilråding for oppretting av Stad marine verneområde

## 1.1 Tilråding

Statsforvaltaren i Vestland tilrår oppretting av Stad marine verneområde i Stad og Kinn kommunar. Verneforslaget omfattar eit sjøareal på 166,7 km<sup>2</sup>. Verneplanen var på høyring våren 2022, og dette dokumentet oppsummerer innspela frå høyringa.

## 1.2 Heimelsgrunnlag

Vi foreslår området verna som marint verneområde i medhald av lov 19.06.2009 nr 100 om forvaltning av naturens mangfold § 39. *Det kan opprettes verneområder i sjø for å beskytte marine verneverdier. Dette omfattar også naturverdier som er økologiske betingelser for landlevende arter.*

Det tilrårde området på Stad tilfredsstillar krava sett for område som vi kan fremme for vern i § 39 a-g:

- a) inneholder særegne eller representative økosystemer og som er uten tyngre naturinngrep*
- b) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur*
- c) representerer en bestemt type natur*
- d) på en annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold*
- e) utgjør en spesiell geologisk forekomst*
- f) har særskilt naturvitenskapelig verdi*
- g) har særskilt betydning som økologisk funksjonsområde for en eller flere bestemte arter.*

Vern av det marine området rundt Stadhalvøya bidreg til å oppfylle nasjonale og internasjonale avtaler, jf. naturmangfoldloven § 46.

Det føreslegne verneområdet vil også bidra til å nå lovfesta målsettingar for områdevern i naturmangfoldloven § 33 ved å bidra til bevaring av (i feit skrift):

- a) variasjonsbredden av naturtyper og landskap***
- b) arter og genetisk mangfold***
- c) truet natur og økologiske funksjonsområder for prioriterte arter***
- d) større intakte økosystemer, også slik at de kan være tilgjengelig for enkelt friluftsliv***
- e) områder med særskilte naturhistoriske verdier***
- f) natur preget av menneskers bruk gjennom tidene (kulturlandskap) eller som også har kulturhistoriske verdier, og tilrettelegging for bruk som bidrar til å opprettholde naturverdiene.***
- g) økologiske og landskapsmessige sammenhenger nasjonalt og internasjonalt***
- h) referanseområder for å følge utviklingen i naturen. Når det etter en annen lov treffes vedtak om å beskytte naturen i et område, bør det legges vekt på målene i første ledd. Inngår slike vedtak etter annen lov i en plan som omfatter områder***

***beskyttet ved vedtak etter denne loven, kan Kongen gi regler for å sikre at beskyttelsen etter de forskjellige lovene samordnes i forhold til målet med planen.***

Vern av området vil også bidra til å oppfylle det nasjonale målet for områdevern, jf. Prop. 1 S (2015-2016), under resultatområdet Naturmangfold: *Et representativt utvalg av norsk natur skal bevares for kommende generasjoner.* Marint vern bidreg til at vi tek vare på representative, særeigne, sårbare og truga undersjøiske naturtyper langs kysten og i territorialfarvannet. Vidare vil vern av eit kystavsnitt ved Stad bidra til å oppfylle målsettingar i fleire seinare stortingsmeldingar, mellom andre disse:

- St. meld. nr. 37 (2008-2009) Helhetlig forvaltning av det marine miljøet i Norskehavet (forvaltningsplan), jamfør Innst. S. nr. 362 (2008-2009).
- Meld. St. 37 (2012-2013) Helhetlig forvaltning av det marine miljø i Nordsjøen og Skagerrak (forvaltningsplan), jf. Innst. 502 S (2012-2013).
- Meld. St. 14 (2015-2016) Natur for livet, jf. Innst. 294 S (2015-2016), der det går fram at eit tverrsektorielt marint vern etter naturmangfoldloven § 39, framleis bidreg til at eit utval av representative, særeigne, sårbare eller truga marine undersjøiske naturtypar og naturverdiar langs kysten og i territorialfarvatnet blir teke vare på for framtida.
- Meld. St. 29 (2020-2021) Nasjonal plan for å bevare viktige område for marin natur

*Det er naturmangfoldet som skaper produktiviteten vi høster av, som gjør at økosystemene er tilpasningsdyktige, og som er grunnlaget for matproduksjonen fra havet. Meld. St. 29*

Under Konvensjonen om biologisk mangfald (CBD) er det eit felles mål å sikre eit effektivt og representativt vern av 10% av verdens kyst- og havområde innan 2020. I dag er 3,6 % (per [13.09.2022](#)) av det norske sjøarealet (innanfor territorialgrensa) verna.

Klima- og miljødepartementet arbeidar med eit lovforslag som skal gjere det mogeleg å verne delar av havet utanfor 12 nautiske mil. Statsministeren vidarefører leirolla i havpanelet til FN, og Noreg bidreg til FN sitt havforskingstiår.

### 1.3 Vurdering jamfør naturmangfoldlova kapittel II

Etter naturmangfoldlova § 7 skal miljørettsprinsippa i naturmangfoldlova §§ 8 til 12 leggjast til grunn som retningsliner ved utøving av offentlig myndigheit, og det skal gå fram av vedtaket korleis desse prinsippa er tekne omsyn til og vektlagt i vurderinga av saka. Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 skal også bli trekt inn i skjønnsutøvinga.

Kunnskapsgrunnlaget

Etter **§ 8 i naturmangfoldloven** skal offentlege avgjersler som vedkjem naturmangfoldet, så langt det er rimeleg, bygge på vitskapeleg kunnskap om bestandssituasjonen til artar, utbreiing av naturtypar og økologisk tilstand, samt effekten av påverknadar. Avgjersler skal også ta omsyn til erfaringsbasert kunnskap. Kandidatområdet Stad inngår i områda som det tverrsektorielle Rådgivende utvalg for marin verneplan i ein tidleg fase anbefalte

inkludert i arbeidet med marint vern. Kunnskap om naturtilhøva i desse områda er samanfatta i tilrådingane frå Rådgivende utvalg frå 2003 og 2004.

Val av område vart gjort på bakgrunn av mellom anna ei analyse av utbreiinga til dei best kjente botnlevande marine artar (2335 av eit utval på 4218 artar), og inndelinga av kysten i tre biogeografiske regionar. Potensielle område blei delt inn i seks kategoriar. Utvalet la vekt på at det skulle velgje ut område frå kvar av dei seks kategoriane innan kvar av dei tre biogeografiske regionane. Utvalet peikte på at det vil ta mange år før ein har god oversikt over det biologiske mangfaldet i våre marine område. Det vart lagt til grunn at det er ein samanheng mellom førekomst av planter og dyr og botnforholda generelt. Ulike organismar trivst på mudderbotn, sandbotn, stein- og grusbotten og fjellbotn. Andre fysiske miljøforhold, som lys, djupne, saltinnhald og havstraumar, spelar også avgjerande roller for førekomst og utbreiing av artar. Botntopografi og botnforhold er i store trekk kjent i norske kyst- og havområde sjølv om detaljert kartlegging av artar i mange tilfelle ikkje er gjennomført. Utvalet foreslo på dette grunnlaget ei liste på 36 område i første fase av arbeidet med marin verneplan. Denne planen har hovudfokus på Noregs kystområde og territorialfarvatn. Rådgivende utvalg vurderte at disse 36 områdene vil dekke rimelig godt opp denne delen av Noregs marine område. Utvalet peikte likevel på suppleringsbehov av område frå ulike deler av landet.

Dei seinare åra er kunnskapsgrunnlaget vesentleg utvida ved at vi, etter oppstartsmeldinga vart sendt ut, har fått utarbeidd tre ulike kartleggingar rundt Stad. Disse har mellom anna bidrege til registrering av nasjonalt verdifull stortareskog sør for kandidatområdet og til kartfesting av raudlista artar som djupvasskorallen *Lophelia pertusa*. Resultata av disse registreringane har gjort at vernegrensa har blitt utvida to gonger. Den siste utvidinga førte til at også areal i Kinn kommune vart inkludert i verneforslaget som no ligg tilrådd.

Den kunnskapen som ligg føre om artane sin bestandssituasjon, naturtypene si utbreiing og økologiske tilstand i denne saka vert vurdert til å stå i eit rimeleg forhold til sakens karakter, jf. **naturmangfaldlova § 8**. Det vil vere trong for nærare kartlegging som grunnlag for ei best mogleg forvaltning av områda, men vi legg til grunn at det ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om verneverdiane til at regjeringa kan treffe vedtak om vern.

#### Effekten av vernet

I mange land er marint vern ei streng verneform, der sjøbotn og havet er verna i eit geografisk avgrensa område og det er forbod mot dei fleste formar for hausting av biologiske ressursar. Grunntanken er då å verne naturen mot ytre påverknad og at området skal vere eit oppvekst- og rekrutteringsområde for artane som finst der, medan dei same biologiske ressursane kan bli hausta utanfor reservatet. Slik vil marine verneområde kunne medverke til å auke den naturlege biologiske produksjonen i havet, og i mange område ser ein gode effektar av dette.

I Noreg er det primært havbotnen med det tilhøyrande dyrelivet som er verna, forutan tang, tare og annan vegetasjon der vatnet er grunt nok til at tilstrekkeleg sollys når ned til botnen. Hausting av biologiske ressursar vert ikkje regulert utover det som allereie er regulert etter havressurslova og lakse- og innlandsfiskeklova. Einaste unntak er bruk av

botntrål og hausting av tare ved hjelp av trål, som er eit viktig tema for kandidatområdet på Stad.

I Noreg blir naturtypar og naturførekomstar tekne vare på ved eit eventuelt vern, men effekten om å betre havets naturlege produktivitet vil vi ikkje oppnå med mindre vi med tida også går inn med spesifikke reguleringar etter havressurslova. Dette er det ikkje lagt opp til, men vil vere mogleg i framtida etter initiativ og vedtak frå rette instans.

Stad marine verneområde vil omfatte vern av sjøbotn, vassøyla og overflata. Føremålet er å ta vare på eit spesielt kystområde med truga, sjeldan og sårbar natur med eit rikt dyreliv, og som representerer naturtypar av særskilt naturvitskapleg verdi. I framlegget til verneforskrift opnar vi for at pågåande aktivitetar i hovudsak kan førast vidare i kandidatområdet. Unntaket er bruk av taretråling og bruk av botntrål som kan skade livet på og over sjøbotnen. Det same vil ankring kunne gjere, særleg der botn er fast og hard og er påvekstmedium for korallar og andre fastsitjande organismar. Innspela til oppstartsmelding og høyring for Stad er sterkt fokusert på taretråling og i mindre grad andre tema. Vi utvida kandidatområdet med 46 % etter oppstartsmeldinga etter stort lokalt engasjement. Utvidinga inkluderer stortareskog av nasjonal verdi sør for Stadlandet og lophelia-rev i Sildegapet.

Marint vern grip ikkje inn i eigedomsrett, busetjingsmønster, næringsverksemd eller samfunnsutvikling på land, men aktivitet i tilgrensande område kan gje indirekte effektar på marine område ved t.d. utslepp. Vi vurderer **naturmangfaldlova § 9** om føre-var til å ha lita relevans i verneprosessen, men den kan komme i bruk i vurderinga av dispensasjonssøknadar.

**Naturmangfaldlova § 10** set krav om at påverknaden på eit økosystem skal bli vurdert ut ifrå den samla belastinga som økosystemet er eller vil bli utsett for. Kandidatområdet har i liten grad vore utsett for inngrep i form av dumping, tekniske anlegg, utslepp, m.m. Når det gjeld framtidig belastning, inneberer framlegget til verneforskrifter forbod mot tiltak og aktivitetar som vert vurdert å kunne ha negativ effekt på naturmangfaldet i områda. Verksemd det vert opna for i verneforskriftene, er vurdert til ikkje å medføre auka belastning. Det kan eventuelt ligge tunge samfunnsmessige årsaker til grunn som tilseier at ein belastning må akseptast, men under føresetnad av at løyve som er gitt etter sektorlovverk vert følgt og at løyva ikkje er i strid med verneføremålet. Det vil bli viktig å få utarbeidd gode forvaltingsplanar for å kunne gjere framtidig sakshandsaming så smidig som råd.

Verksemd som kan bli tillate vert nærare regulert innanfor rammene av naturmangfaldlova, om ikkje alltid gjennom verneforskrifta, så skal løyve alltid vere i samsvar med miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova. Ved å overvake naturmangfaldet i det marine verneområdet vil miljøtilstanden kunne følgjast opp. Dette vil gje betre grunnlag for å vurdere samla belastning ved handsaming av dispensasjonssøknadar. Kostnaden ved forringing av miljøet skal berast av tiltakshavar, jf. **naturmangfaldlova § 11**. Vernevedtaket i seg sjølv fører ikkje til forringing av miljøet.



I verneforskrifta er det opna for å kunne gje dispensasjon frå forbodsreglane. For enkelte av desse unntaka kan det bli sett vilkår for å hindre forringing av miljøet, og dersom desse vert fordyrande skal kostnaden bli dekt av tiltakshavar. Det er få slike krav å finne i verneforskrifta, men det ligg mange føringar i anna gjeldande lovverk, og ein må rekne med at publikum vil ha forventning til at ein finn gode miljøfaglege løysingar i det marine verneområdet.

Prinsippet i **naturmangfaldlova § 12** om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar er vektlagt i verneprosessen i samband med fastsetjing av framlegg til generelle unntak og spesifiserte dispensasjonsreglar. Denne paragrafen kan få stor innverknad, til dømes på eventuelle løyve til akvakulturverksemd. Eventuelle krav til dette vil i så fall bli stilt gjennom sektorlovene, med bakgrunn i naturmangfaldlova sine miljørettsprinsipp. Prinsippa i naturmangfaldlova vil også bli vurdert og vektlagt i samband med handsaming av søknadar om dispensasjon frå verneforskrifta og i arbeidet med forvaltingsplan.

#### 1.4 Sterkt engasjement mot taretråling

Vi tilrår forbod mot taretråling i det marine verneområdet vest for Stålet og ned mot Liset, men tilrår å opne for taretråling i samsvar med det marin verneplan frå 2003/04 foreslår aust for Stålet og ned mot naturreservatet Tungevågen.

Vi ser at det er eit stort lokalt engasjement mot taretråling også aust for Stålet. Stad kommune er tydelege i sine innspel om å også beskytte tareskogen mot tråling aust for Stålet fordi det er eit viktig oppvekstområde for fisk, og fordi lokalbefolkninga erfarer negative effektar av taretrålingsaktiviteten. Også reiselivet kan oppleve negative effektar av taretrålinga, som lagar mykje støy også om natta, i følgje innspel frå lokale innbyggjarar.

Vi ser verdien av å ha eit marint verneområde heilt utan taretråling og vern av naturmangfaldet på sjøbotn. Kandidatområdet er likevel utvida med 46 % sidan oppstarten, og vi har såleis bandlagt store areal frå tarehausting. Fiskeridirektoratet peiker på at andre taretrålingsfelt kanskje vil bli hardare hausta dersom store areal blir bandlagde, jf. innspel frå Fiskeridirektoratet. Med eit haustingsområde innanfor det marine verneområdet kan vi overvake og skaffe meir kunnskap om korleis haustinga påverkar botn og økosystemet. Med ein vernestatus vil vi lettare kunne framskaffe slike overvakingsdata. Vi prioriterer å verne områda i sør grunna nasjonale verneverdiar med stortareskog og korallrev.

Det er sjeldan lokale stemmer ønskjer større og sterkare vern. Dersom Miljødirektoratet vurderer det er best med ei ny, avgrensa høyring av eventuelle restriksjonar mot taretråling aust for Stålet, vil vi leggje til rette for det.

#### 1.5 Verneverdiar

Stad kandidat område for marint vern har naturkvalitetar som er å rekne som verdfulle i nasjonal og dels internasjonal samanheng. Området dekkjer viktige element i den nasjonale marine verneplanen som har hovudfokus på representativitet. Det er ingen tvil

om at Norskekysten har store internasjonale naturfaglege kvalitetar, og Stad medverkar i høg grad til å understreke dette.

Kandidatområdet kring Stad omfattar areal i Stad og Kinn kommunar, og området er ein god representant for dei ekstremt eksponerte delane av kysten. Planområdet er om lag 166,7 km<sup>2</sup> stort. Farvatnet er delvis grunt, og har særeigne bølgetilhøve på noko av den mest vêrharde kysten i Noreg. Det er nokre (undervass-) skjer i området, elles er farvatnet reint med ein sjøbotn som skrånar langsamt utover frå land. Kandidatområdet utgjer den inste delen av kontinentalsokkelen kring Stad, der dei mest landnære areala har ei djupne < 50 meter, og ytst mot storhavet er djupna kring 200 meter. Sør for Stadlandet inkluderer høyringsframlegget ei aust-vestleg djupvassrenne frå Djupeskillen og inn på nordsida av Sildegapet. Dei sentrale delane av renna er ned mot 300 meter djup. Langs nordsida av renna er det ei bratt skråning og på sørsida av renna er det mange små rygger og åsar. Området kring Stad inneheld også førekomstar av sokne torvmyrar. Dette er eit element som er spesielt og sjeldsynt i Noreg, sidan dette er eit av dei få kystavsnitta der havet har trengt inn over land etter den siste istida.

Det er nokre eksisterande naturreservat som grensar til området. Det gjeld Tungevåg våtmarksreservat (Kgl.res. 20.12.1991, 0,615 km<sup>2</sup> , 0,614 km<sup>2</sup> sjø), Høgfjellet sjøfuglreservat (Kgl.res. 28.5.1993, 0,39 km<sup>2</sup>, 0,11 km<sup>2</sup> sjø) og Dekkjene myrreservat (Kgl.res. 18.6.2004, 4,547 km<sup>2</sup>). Dalsbøvassdraget som er verna mot kraftutbygging, munnar ut i kandidatområdet i Ervik.

Føremålet med vern av området er å ta vare på eit representativt havområde på den ytre, eksponerte kysten, frå land til ope hav. Verneverdiane i eit slikt område er knytt til botnen og botnorganismane, og den store spennvidda i djupnetilhøve, botntilhøve og eksponeringsgrad, som til saman gjev stor spennvidde i plante- og dyreliv. Verneverdiane er knytt til mangfaldet av undersjøiske naturtypar i dette sterkt eksponerte kystområdet på den inste delen av kontinentalsokkelen.

Fire biologiske kartleggingsrapportar har vore produsert i samband med verneplanprosessen. Disse ligg lett tilgjengeleg på våre heimesider. Rådgivende Biologer (RB) har gjennomført alle dei fire rapportane. Utdrag frå rapportane er å finne i høyringsdokumenta. Den første rapporten (rapport nr 2846, Todt og Eilertsen 2018) skildrar naturmangfaldet generelt ut i frå videomateriale frå Norges geologiske undersøkelse (NGU). RB gjennomførte også undersøkingar i felt, som munna ut i ein eiga rapport om grunne område (rapport nr 2847, Eilertsen og Olsen 2019). Kartlegging nr tre (rapport nr 2992, Eilertsen og Olsen 2019) vart utført på sørsida av Stad, i området som Selje kommune mfl. kom med framlegg på å utvide i verneplanprosessen. På bakgrunn av observasjonar av dei raudlista artane glaskorall og sjøtre frå den biologiske kartlegginga i 2018 fekk vi utført ei tilleggskartlegging av korallar sommaren 2021. I rapporten (rapport nr 3464, Todt og Tverberg 2021) vart 25 transekt i ytre, sentrale og indre delar av Sildegapet filma med hjelp av eit undervasskamera (ROV) og skildra.



Korallrev, blautbotnsområde og ålegrasenger er også nemnt på lista over naturtypar som OSPAR (Konvensjonen om beskyttelse av det marine miljø i det nordaustlege Atlanterhav) har vurdert som truga og i nedgang.

## 1.6 Trugsmål mot verneverdiane

Det kan være fleire potensielle trugsmål mot naturmangfaldet i det 166,7 km<sup>2</sup> store området. Det største trugsmålet mot verneverdiane er truleg større, fysiske inngrep som påverkar sjøbotnen, og som kan endre økosystemet. Dette kan til dømes være utfylling, mudring, uttak og deponering av masse, sprenging, boring og plassering av konstruksjonar på havbotnen. Bruk av trål som rører sjøbotn er også eit alvorleg trugsmål. Truleg har aktive reiskap påverka djupvasskorallane i Sildegapet, men kartleggingsrapportane kan ikkje slå fast kor gamle desse spora er.

Stad er omtalt som landets største kyrkjegard grunna dei mange skipa som er gått ned i dette vêrharde kystavsnittet. Eit trugsmål mot det marine livet under overflata vil framleis kunne være skipsforlis, særleg dersom skip fraktar med seg t.d. råolje. På grunn av kyststraumane er området påverka av miljøgifter og nærings salt, men trenden er på retur. Påverknad frå anna langtransportert forureining, drivande søppel og mikroplast er vesentleg også her. Det same gjeld forsuring av storhavet, som over tid kan bli alvorleg for mellom anna korallreva i området.

Eit trugsmål vil kunne vere større uttak av artar som er viktige næringsgrunnlag for mange organismar i verneområdet. Eksempel på dette kan være artar som ligg lågt i næringskjeda, som plante- og dyreplankton, sniglar, børstemakk o.l.

Den svartelista framandarta hamnespy/havnespy (japansk sjøpung) er i spreining i Rogaland og sørlege delar av Vestland. Det er stor fare for at den vil spreie seg vidare. Den legg seg som store teppe på sjøbotn og fortrenge alle andre artar. Havnespy vil kunne få store konsekvensar for økologi og naturmangfald dit den kjem.

Klimaendringar er ein faktor som vil påverke økosystemet i heile det tilrådde marine verneområdet. Auka temperaturar kan føre til forskyving av leveområde for eksisterande artar, samt at nye kan komme inn. Både i 2021 og i 2022 har den utrydningstruga arten havlærskilpadde blitt observert symjande i havet på Stad. Den held vanlegvis til i tropisk farvatn, og har truleg krysset Atlanterhavet på si ferd til Noreg.

Vern av Stad vil ikkje kunne sikre naturmangfaldet mot endra klima, men kan, ved at andre trugsmål blir redusert/endra/regulert, gjere at området vil være meir robust mot uheldige effektar av klimaendringane. Sidan området blir verna mot nye vesentlege inngrep, vil Stad også kunne bli eit referanseområde for korleis naturen endrar seg, m.a. som følgje av klimaendringar. Vern sikrar heller ikkje områda mot tilførsle av nærings salt, søppel og miljøgifter utanfrå. Dette er tilhøve som vert regulert gjennom anna lovverk i den grad det let seg regulere, til dømes forureiningslova. Vassforskrifta er vidare eit verkemiddel for å sikre god miljøtilstand gjennom heilskapleg bruk av sektorverkemiddel basert på felles kunnskapsgrunnlag.

## 1.7 Andre interesser

### Fiskeri og akvakultur

Det er i dag fiske med snurrevad i vikene rundt Stadlandet. Fartøya som driv med snurrevad i området er relativt små, ca 30-60 fot med ca. 100-400 hk. Storleiken på nota varierer mellom 30-50 fv lange og 4-6 fv høge, med ei synkevekt på ca. 20-30 kg. Det er såleis relativt små og lette nøter som blir brukt i området. Lengda på snurrevadtaua varierer mellom 3-5 kveiler (180-300 fv). Dette er eit av dei mest vêrharde områda på kysten, med fiskefelt på relativt grunt vatn der havbåra og sjøgang i dårleg vêr fører til endringar på havbotnen uavhengig av fiskeriaktiviteten (flytting av sand frå område til område, og endring av store og små sandbankar). Alle felta er like viktige for fisket.

Det er også annan tradisjonell fiskeriaktivitet som krabbefiske, garn, teiner, line, med meir. Det er ikkje tråling av botnfisk i området, så langt vi har fanga opp. Det er registrert rekefelt på kart, men vi ser ingen aktivitet der i dag, då det generelt er mindre reker langs norskekysten no enn tidlegare. Fiske med passive reiskap (snøre, teine, ruse, garn, line) går føre seg i dei grunnare områda langs Stadlandet. Ca. 40-50 fartøy driv vinterfiske utanfor Stad med garn og line (40-50 fartøy x 1-3 personar). Om lag 30 kystnotfartøy fiskar etter sild om vinteren og etter makrell om hausten. Fisket føregår ofte frå "fjøresteinane" og utover. Laksefiske med kilenot og hummarfiske med teiner er viktig for dei som er busette i bygdene på ytre Stad, og som driv kombinasjon småbruk/sjarkfiske. Over 15 gardsbruk i bygdene har dette fisket som attåttnæring (alle tala i avsnittet er henta frå oppstartsmeldinga).

Det er registrerte lokalitetar for låssettingskasser både i Honningsvågen (utanfor verneområdet) og i utkanten av Hoddevika (innanfor verneområdet). Dei blir brukt til oppbevaring for både sei, sild og makrell etter fangst rundt Svinøya som ligg 16 km lengre ut i havgapet.

Det er ikkje havbruk i form av akvakultur i kandidatområdet i dag. Det nærmaste anlegget er på Beitveit, eit anlegg for laksefisk eigd av MOWI, litt nord for Leikanger.

### Tarehausting

I Noreg har det blitt hausta kommersielt etter tare i om lag 40 år. Det blir rekna at årleg hausting av stortare nasjonalt er rundt 170 000 tonn. Det vert hausta stortare rundt Stad i store kvantum (2-3000 tonn jf. tal frå oppstartsmeldinga i 2017, pluss 5-6000 tonn i det utvida arealet sør for Stad, jf. tal frå DuPont), og disse felta er viktige for tarenæringa. Verksemda DuPont (tidlegare FMC Biopolymer DuPont/Pronova/Protan) med samarbeidspartar har hausta stortare i over 50 år, mellom anna i Sogn og Fjordane.

### Friluftsliv, reiseliv og lokal bruk

Stad vert nytta mykje i friluftslivs- og reiselivssamanheng. Det er mange turistbedrifter og næringar som får inntekt frå tilreisande på og kring Stad. Med gode bølgeforhald i Ervika og i Hoddevika har Stad blitt eit Eldorado for surfeentusiastar, og fleire verksemdar har si næring i surferelatert overnatting, kursing og utleige. Det er også populært for turistar å

leige seg båt og fiske i sommarsesongen. Det er aktivitet knytt til dykking i hovudsak i dei grunnare områda langs land.

Det er mange naust langs sjøen som er i bruk til småbåtar. Det er jamlege behov for å kunne halde båttopptrekk ved like, men dette er utanfor den marine vernegrensa. Det er småskala uttak av mindre mengde sand for tilgrensande grunneigarar. Dette går føre seg utanfor vernegrensa.

#### Kulturminne

Stad er eitt av dei mest eksponerte kystområda på farleia mellom nord og sør, og alle forliste skip på sjøbotnen utanfor land vitnar om denne kampen mot storm og uvêr som kan komme brått på. Det er registrert ei rekkje kulturminne innanfor kandidatområdet, og det kan være fleire som ikkje er oppdaga.

#### Skipstrafikk, farleier og hamnar


Det er omfattande skipstrafikk forbi Stad per i dag, med både hovudleier og bi-leier. Lasteskip så vel som cruisebåtar må forbi dette vêrharde kystavsnittet på si ferd langs norskekysten. Det er registrert fire hovudleiar: 1523 Måløysundet - Stadthavet, 1528 Rundeleia, 1531 Bukketjuvane - Flåvær og 1533 Vagensgapet - Vartdalsfjorden. Bileder 2356 Fureneset -Vossaskallen - Sanden og 2358 Honningsvåg. Det er ingen registrerte ankringsområde. Det er arbeid på gang med å lage skipstunell, noko som vi endre på trafikkmonsteret langs leia. Vernegrensa er trekt utanfor registrerte fiskerihamnar som Eltvik, Honningsvågen, Ervik, Hoddevik, Indre Fure, Køyla, Ytre Drage og Skorbøen. Hamna i Ervik er i tillegg i bruk som småbåthamn.

#### Tekniske installasjonar og inngrep

Det er fleire stakar på skvalpeskjær, samt større navigasjonsinstallasjonar som eit lyktehus på søyle på Buholmen, ei lysbøyle med namn Gamla i Sildegapet og ei lanterne på stang med namn Strandaflua ved innseglinga til Honningsvågen i kandidatområdet. Det er andre navigasjons-installasjonar på land.

Vi har ikkje klart å avdekkje kunnskap om eksisterande sjøleidningar, kablar eller andre planar om framtidige tekniske installasjonar i kandidatområdet utanom det som er spelt inn i oppstartsfasen eller det som er synleg på offisielle kartbasar som t.d. fylkesatlas.

Det er gitt konsesjon til eit testanlegg for flytande havvind utanfor Fure/Drage i Sildegapet og et testområde ved Bukketjuvane (sjå kart i figur 1).



Figur 1 Testområde for flytande havvind. Kjelde: skjermklypp frå søknaden til Vestavind Kraft.

Det vart sett konsesjonsvilkår om å setje anlegget i drift innan 01.01.2020, men dette er ikkje gjennomført. Konsesjonen er overført frå Vestavind Kraft til Kvernevik Engineering. Vi har etterspurt, men ikkje fått inn ny kunnskap om anlegget i løpet av høyringsperioden. Det ville i så fall truleg blitt behov for å leggje kablar gjennom kandidatområdet.

Det er spelt inn ønske i verneprosessen å kunne mudre kring eksisterande moloar, og mogeleg framtidig behov for ein bølgebrytar for å beskytte moloen til småbåthamna i Ervik. Det er truleg mudring av hovudleia inn Honningsvågen for å ta unna massar som kjem inn frå storhavet. Vi har ikkje fått innspel på omfanget eller frekvensen av denne aktiviteten, men vurderer den som naudsynt for å kunne nytte Honningsvågen som hamn.

## 2. Sakshandsaming

### 2.1 Bakgrunn

Arbeidet med å greie ut marine verneområde i Noreg starta i 1991, då Miljødirektoratet (den gang Direktoratet for naturforvaltning) oppnemnte eit rådgjevande utval for marine verneområde (også omtalt som Brattegard-utvalet). Brattegard-utvalet samla representantar frå forskjellige forskingsmiljø i landet, samt representantar frå Fylkesmannen og Direktoratet for naturforvaltning. Utvalet gav i 1995 ei tilråding i form av Utredning for DN Nr. 1995-3, *Kartlegging av egnede marine verneområder i Norge*. Seinare vart det oppnemnt eit nytt utval av Klima- og miljødepartementet (den gang Miljøverndepartementet) i samråd med Nærings- og fiskeridepartementet (den gang Fiskeridepartementet) og Olje- og energidepartementet i 2001. Dette utvalet vart kalla *rådgivende utvalg for marin verneplan*, og hadde som mandat å gje råd til utforming av den første marine verneplanen i Noreg. Utvalet bestod av representantar frå Havforskningsinstituttet, Direktoratet for naturforvaltning, Fiskeridirektoratet, Riksantikvaren, Norges Fiskarlag, Norske Fiskeoppdretteres Forening, Norges Naturvernforbund, WWF, NINA, Norges forskningsråd, Kystdirektoratet, Oljedirektoratet. Taretrålfiskernes Forening hadde møterett i utvalet.

Med bakgrunn i mellom anna analyse av utbreiinga til botnlevande marine artar vart Norskekysten delt i tre regionar. Potensielle område vart delt inn i seks kategoriar:

1. Pollar
2. Straumrike lokalitetar
3. Spesielle gruntvassområde
4. Fjordar
5. Opne kystområde
6. Transekt frå kyst til hav og sokkelområde

Stad var eitt av 36 kandidat område for marint vern som vart peika ut i tilråding frå Rådgivende utvalg for marin verneplan, og høyrer til i kategori 5, Opne kystområde. Utvalet la vekt på at det skulle veljast ut område frå kvar av dei seks kategoriane innanfor kvar av dei biogeografiske regionane. Utvalet peika på at det ville ta mange år før ein har god oversikt over det biologiske mangfaldet i våre marine område, og la til grunn at det er kjent at det er samanheng mellom førekomst av plantar og dyr og botntilhøva generelt.

Utvalet ga si endelege tilråding i 2004, og vurderte at dei 36 områda til saman representerte eit godt og balansert utval av undersjøisk natur frå kysten og skjergarden. Vet utveljinga vart særpreg og representativitet i regionar og kystavsnitt vektlagt. Det vart også lagt vekt på at områda skulle vere lite påverka og at dei kunne tene som referanseområde for forskning og overvaking.

Arbeidet med marint vern er forankra i fleire stortingsmeldingar, mellom anna St.meld. nr 37 (2008-2009) Helhetlig forvaltning av det marine miljø i Norskehavet (forvaltningsplan), jf. Innst. S. Nr. 362 (2008-2009). Meld. St. 14 (2015-2016) Natur for livet stadfesta at tverrsektorielt marint vern etter naturmangfaldlova § 39 framleis skal medverke til at eit utval av representative, særreigne, sårbare eller trua marine undersjøiske naturtypar og



naturverdiar langs kysten og i territorialfarvatnet vert tekne vare på for framtida. I den nyleg framlagde stortingsmelding nr 29 (2020-2021) Heilskapleg nasjonal plan for bevaring av viktige område for marin natur vart det presisert at marin verneplan frå 2004 skal halde fram.

## 2.2 Sakshandsaming

Sakshandsaminga har følgd reglane i naturmangfaldlova, forvaltingslova og utgreiingsinstruksen.

Melding om oppstart av planarbeidet for Stad kandidat område for marint vern vart kunngjort og sendt lokale og regionale høyringsinstansar frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane den 3. november 2017. I meldingsfasen hadde Fylkesmannen møte med Selje kommune den 6. desember 2017, og inviterte til ope informasjonsmøte på Leikanger same kveld. I oppstartsmeldinga vart det orientert om at Fylkesmannen ville vere tilgjengeleg for å orientere om prosessen på møte eller arrangement med instansar som bad om det. Fylkesmannen hadde møte med Selje kommune og Fiskeridirektoratet den 4. juni 2019. På møtet vart ein samde om å halde ei synfaring med lokale representantar, fiskenæringa og taretrålnæringa. Synfaringa vart halden 11. september 2019. Vi hadde møte med representantar frå Stad kommune den 3. juni 2021.

Då vi oppdaga verdifullt naturmangfald i djupet i Sildegapet inn i Kinn kommune oppretta vi dialog med Kinn. Vi hadde møte med leiinga i Kinn kommune den 14. september 2021 og med plan- miljø og næringsutvalet den 18. oktober same haust. Møte med Stad kommune hadde vi den 3. juni 2021 om status og framdrift før høyringa.

Oppsummering av innspela frå oppstartsmeldinga vart eit viktig grunnlag for vidare kartlegging og dermed også den etterfølgjande høyringa.

Frå 1. januar 2019 gjekk Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i lag med Fylkesmannen i Hordaland og vart Fylkesmannen i Vestland. Frå 1. januar 2020 gjekk Selje kommune inn i Stad kommune i lag med Eid. Frå 1. januar 2020 slo Vågsøy kommune og Flora kommune seg i lag og danna Kinn kommune. Frå 1. januar 2021 vart Fylkesmannen i Vestland til Statsforvaltaren i Vestland.

Verneforslaget vart sendt ut på høyring den 9. februar 2022 med opphavleg høyringsfrist 15. april 2022. Vi utvida høyringsfristen til 12. mai 2022 etter innspel frå Stad kommune. I samband med høyringa inviterte vi, i samarbeid med kommunen, til eit ope møte i Leikanger den 30. mars 2022. Dagen etter orienterte vi om høyringa då Stad kommunestyre var samla til møte i Nordfjordeid. Vi hadde møte med Stad kommune 26. september 2022, i fasen før vi sendte endeleg tilråding til Miljødirektoratet.

Tilrådinga vår er sendt til Miljødirektoratet 30. september 2022, sjå datert brev som ligg vedlagt dette dokumentet. Det har vore lagt opp til ein ordinær verneplanprosess etter naturmangfaldlova, som startar med at vi utarbeider eit verneframlegg. Det har vore ein føresetnad å sørgje for at arbeidet skjer med god lokal medverknad og forankring.




### 3. Viktige endringar i verneprosessen

#### 3.1 Avgrensing og arealomfang

Avgrensingane frå Rådgivende utvalg for marin verneplan frå 2004 vart i utgangspunktet lagt til grunn i vårt arbeid. Arealet vi sendte ut oppstartsmelding på var 114 km<sup>2</sup>. I den marine verneplanen blir det m.a. tilrådd opning for taretråling aust for Stålet (nordspissen på Stad), mens vestsida blir stengt for taretråling. Slik skulle eit referanseområde kunne fungere som eit grunnlag for forskning og overvaking for å sjå korleis økosystemet utviklar seg med ulik grad av påverknad.

Vi signaliserte frå starten at ein ikkje kom til å inkludere privat eigedom med grunne område i det marine vernet. Vi ser at enkelte grunne område har stor naturvitskapleg verdi, men har ikkje trekt vernegrensa opp mot fjøra.

I oppstartsmeldinga la vi til grunn eit forbod mot taretråling aust for Stålet, altså det lyselilla skravert område i kartet under til høgre, i samsvar med mandatet vi fekk (sjå figur 2).



Figur 2 Skjermklypp henta frå marin verneplan frå 2004 til venstre. Område for taretråling er markert lys lilla og det mørkelilla syner avgrensinga av taretrålfritt areal. Kartet til høgre er avgrensinga det låg føre under høyringa. Stålet er nordspissen av Stadlandet.

Etter innspel til oppstartsmeldinga utvida vi arealet til 166,7 km<sup>2</sup> ved å inkludere området sør for Stadlandet, ned til Liset. Då fekk vi inkludert stortareskog av nasjonal verdi i tillegg til korall-lokalitetar i Sildegapet. I høyringsdokumentet vidareførte vi opninga for taretråling i arealet aust for Stålet, til liks med oppstartsmeldinga.

Etter høyring tilrår vi at grensene bør forbli slik høyringa la til grunn. Vi vil leggje til ei markering på vernekartet for å syne kor Stålet er, slik at kart og forskrifta skal være enklare å lese for alle, som ikkje er lokalkjent.

### 3.2 Verneforskrifta

I høyringsrunden fekk vi innspel som gjer at vi tilrår nokre språklege presiseringar i verneforskrifta, slik at intensjonen bak reguleringa blir eintydig. Vi ønskjer også å harmonisere ordlyden med dei siste vernevedtaka for marint vern frå statsråd, og med andre verneforskrifter vi jobbar med i fylket med same restriksjonsnivå.

Vi tilrår at:

- I geografisk avgrensing i § 2 vert rekkefølgja endra slik at første og siste ledd bytter plass. Setninga «*Ved desse eigedomane er også landareal i tidevassona opp til middel høgvatn (normal flo) inkludert.*» vert lagt til sist i det som etter endringsforslaget blir siste ledd.

Andre ledd første punktum, vert endra frå:

*«Det marine verneområdet dekker eit sjøareal på 166,7 km<sup>2</sup> med grense mot land langs djupnekote 2 m under sjøkartnull for heile området unntatt der det marine verneområdet grensar til naturreservat på land, der også landareal i tidevassona opp til middel høgvatn (normal flo) er inkludert.»*

*til: «Det marine verneområdet dekker eit sjøareal på 166,7 km<sup>2</sup>.*

*Verneområdet har grense mot land langs djupnekote 2 m under sjøkartnull for heile området unntatt der verneområdet er trekt utanom fiskerihamner og annan infrastruktur og der verneområdet grensar til naturreservat på land.»*

- I § 4 bokstav g, vert orda «*for småbåt*» lagt til i slutten av setninga.
- I § 4 bokstav j, vert «*vann- og avlaupsleidningar*» lagt til som døme på eksisterande anlegg og innretningar.
- I § 5 bokstav e, vert ordet «*småbåthamn*» endra til «*småbåtanlegg*».
- § 5 bokstav i, vert flytta opp og blir ny bokstav f. Bokstavrekkefølgja vidare vert dermed endra som følgje av dette.

### 3.3 Namnsetjing

Vi tilrår namnet *Stad marine verneområde*. Det har ikkje komme innspel på anna.

## 4. Forvaltning, økonomiske og administrative konsekvensar

Miljødirektoratet skal fastsetje kven som skal vere forvaltingsstyresmakt for verna område, og om det bør bli oppretta eit rådgjevande utval for forvaltninga. Alle kommunar fekk hausten 2014 tilbod om å ta over forvaltingsansvaret for mindre verneområde, område som elles vart forvalta av (dei dåverande) fylkesmennene. Miljødirektoratet har delegert slikt ansvar til kommunar som har sagt ja og akseptert føresetnadane som ligg til grunn for tilbodet. Tilbodet omfattar ikkje verneområde som strekk seg over fleire kommunar. For marine verneområde hadde Bodø kommune ein periode forvaltninga av Saltstraumen marine verneområde. Elles er det statsforvaltarane i dei respektive fylke som normalt er forvaltningsstyresmakt.

I høringsperioden har det vore løfta fram ulike modellar for forvaltning av eit framtidig verneområde på Stad. I sitt høringsinnspel skriv Stad kommune at Statsforvaltaren bør være forvaltningsstyresmakt for det marine verneområdet, då kommunen per i dag ikkje har kapasitet til å få delegert ansvar for forvaltninga.

Ei liknande ordning som norske nasjonalparker i dag har, med interkommunale forvaltningsstyre og eigne forvaltarar, kan være aktuelt om forholda ligg til rette for det. Vi har gode røynsler med interkommunale forvaltningsstyre for nasjonalparker og store landskapsvernområde, og er open for at ei liknande ordning kan fungere også for marine verneområde. Den daglege forvaltninga blir styrt etter verneforskrift og forvaltningsplan. Talet på saker treng ikkje å bli stort, men det er stor trong for å utvikle kunnskapsgrunnlaget og mykje tid vil gå med til planlegging og organisering av slike tiltak og omsette resultatane i praktisk forvaltning. God marinbiologisk kompetanse bør vere ein viktig kvalifikasjon for å kunne ta forvaltningsansvaret for slike område i vare. Dette krev i så fall ekstra løyvingar frå staten. Fordi vi også finn utvalde kulturlandskap (UKL), nasjonalt referanseområde for kystlynghei, og fleire mindre verneområde på land har Stad - og særleg Stadhalvøya - til saman mange store naturverdiar. Vi kan sjå for oss at eit eventuelt framtidig verneområdestyre ville kunne handsame både marint vern og verneområde på land. Ei samkøyring og nær dialog mellom ulike forvaltningsregime vil uansett være viktig.

Utarbeiding av ein forvaltningsplan må bli prioritert snarast råd etter at eit vernevedtak ligg føre. Oppsyn har ikkje vore eit fokusert tema under høyringa. Høyringspartane har truleg rekna med at oppsyn følgjer som ein naturleg konsekvens av eit vernevedtak. Framlegget omfattar ikkje privat eigedom utanom der det marine verneområdet grenser mot naturreservat på land, og havbotnen utanfor marbakken er utan unntak statens eigedom. Eventuelle utgifter til erstatning og gjennomføring av eventuell erstatningsprosess, samt merking og oppsetjing av skilt, må dekkjast innanfor løyvinga og tilsegnsmakta under kapittel 1420 post 33. Utarbeiding av forvaltningsplanar, etablering av oppsyn og skjøtsel vil måtte dekkjast innanfor aktuelle budsjettpostar og eksisterande budsjetttrammer.

## 5. Merknadar til verneforslaget

### 5.1 Høyringspartar og uttalar

Forslaget om Stad marine verneområde vart sendt ut på lokal og sentral høyring. Høyringa var annonsert i lokalaviser, både i papiravis og i digital utgåve. Vi fekk også høringsinnspel på papir under folkemøtet i Leikanger. Både Statsforvaltaren og kommunen hadde oppslag om høyringa og om folkemøtet på heimesidene.

Det kom inn 20 separate innspel til høyringa innan den utvida høyringsfristen.

Følgjande sendte dokument til [høyringa](#):

Oljedirektoratet, Hoddevik velforeining (v/leiar Terje Hoddevik), Riksantikvaren, Bergen sjøfartsmuseum, Statens vegvesen, Torstein Fure, Hoddevik grunneigarlag (v/leiar Terje Hoddevik), Direktoratet for mineralutvikling, Møre og Romsdal fylkeskommune, Kystverket,

Mattilsynet, Betty Hessevik, Eltvik velforeining (v/Øyvind Hansen), Noregs Vassdrags- og Energidirektorat (NVE), Dag Austrang, Knut Eltvik og Øyvind Hansen og Betty Hessevik, Nordfjord Fiskarlag (v/Njål Aarsheim), Kjetil F. Drage og Marianne B.F. Drage, Stad kommune, og Fiskeridirektoratet.

I tillegg vil vi nemne at desse gav innspel til oppstartsmeldinga: Hoddevik Velforening (v/leiar Terje Hoddevik), Le point Surf Camps v/Gøran Sivertsson, Opplysningsvesenets fond, Sjøfartsdirektoratet, Kystverket, Statens kartverk, Nordfjord Fiskarlag, Sogn og Fjordane Fiskarlag, Direktoratet for mineralutvikling, Bergen sjøfartsmuseum, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Møre og Romsdal fylkeskommune, NVE, 23 grunneigarar langs Fureneset - Liset, Magnus Fure, Olav Ervik, DuPont, Fiskeridirektoratet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune og DuPont har ikkje komme med nye innspel i høyringsfasen. Vi legg difor til grunn at innspela til oppstartsmeldinga er gjeldande.

Alle innspel vi tok i mot under høyringa blir sendt samla over til Miljødirektoratet saman med vår tilråding, sjå vedlegg. Innspela vi mottok til oppstartsmeldinga er sendt over tidlegare. Innspel er også tilgjengelege på våre heimesider.

## 5.2 Generelle merknadar og haldningar til vern

Vi les det slik at Riksantikvaren, Oljedirektoratet, Statens vegvesen, Direktoratet for mineralutvikling, Møre og Romsdal fylkeskommune, Mattilsynet, Noregs Vassdrags- og Energidirektorat (NVE), Sogn og Fjordane fylkeskommune, DuPont, ikkje har haldningar til om området skal vernast eller ikkje.

Vi les det slik at ingen har uttalt seg generelt negativt til vern av Stad som marint verneområde, men DuPont er negative til konsekvensen som restriksjonsnivået av eit vern vil medføre. Fiskeridirektoratet er negative til utvidingane.

Vi oppfattar det slik at Hoddevika velforeining, Bergen sjøfartsmuseum, Hoddevik grunneigarlag, Kystverket, Betty Hessevik, Torstein Fure, Eltvik Velforening, Dag Austrang, Knut Eltvik, Øyvind Hansen og Betty Hessevik, Nordfjord Fiskarlag (v/Njål Aarsheim), Kjetil F. Drange og Marianne B. F. Drange med totalt 12 personar frå Eltvik-området og Stad kommune er positive til vern av Stad marine verneområde.

Sogn og Fjordane fylkeskommune tok varsel om oppstart av verneplanprosessane til vitande og skreiv at den ville kome attende med nærare innspel knytt til deira ansvarsområde når utkast til verneplan kom på høyring. Fylkesutvalet uttrykte uroa over konsekvensane vern kan ha for utbygging av viktig infrastruktur og for næringslivet i desse områda. Utvalet ønskjer ei grundig konsekvensutgreiing og omsyn til utviklingsplanane som kommunen har i desse områda no og i framtida.

*Statsforvaltaren* kan så langt ikkje sjå er det ikkje er store konflikhtar med marint vern kring Stad, med unntak for taretråling. Vi registrerer innspelet om konsekvensutgreiing. Det er krav om KU dersom det blir varsla oppstart av ein verneprosess på eit areal større enn 250 km<sup>2</sup>, så arbeidet vårt med Stad (166,7 km<sup>2</sup>) som kandidat område for marint vern

har ikkje utløyst krav til KU. Vi har likevel vurdert verknadar av vernet med tilsvarende grundigheit og breidde som ei KU ville ha innehaldd, og meiner både oppstartsmeldinga og høyringsdokumenta har svart på spørsmåla knytt til kva eit vern vil føre med seg av konsekvensar. Vi registrerer at Fylkeskommunen (no Vestland) ikkje har sendt fornya innspel til høyringa, og legg til grunn at det fylkeskommunen uttrykte til oppstartsmeldinga er gjeldande.

### 5.3 Særleg om taretråling

Hoddevik velforeining (v/ Terje Hoddevik) har gjennom mange år erfart at taretråling påverkar sjøbotnen, slik at storm og stor sjø ikkje bremsar opp i tareskogen og øydelegg kaianlegg. Foreininga skriv vidare at vern mot taretråling vil vere positivt for hummar og sjøfugl i området.

Hoddevik Grunneigarlag (v/ Terje Hoddevik) er positive til verneframlegget, men meiner det bør stenges for taretråling i heile det planlagde verneområdet. Han trekk fram at stortaren har bølgedempande effektar som kan skåne moloanlegg for storbåra, og at hausting av stortaren difor vil gjere moloanlegg på land meir sårbare for storm og stor sjø.

Torstein Fure skriv at ein bør stenge for taretråling på strekninga Fureneset - Liset. Han meiner taretrålinga har ført til at havbåra gjer større skade på land, då tareskogen etter hausting ikkje lenger kan dempe bølgene. Han trekk vidare fram ein gamal gangveg som har vorte øydelagd av havbåra dei siste åra, og at det kan vere aktuelt å restaurere dette kulturminnet dersom strekninga blir stengd for taretråling.

*Statsforvaltaren* utvida, mellom oppstartsmeldinga og høyringsrunda, det føreslegne verneområdet slik at det inkluderer områda sør for Fureneset - Liset. I tilrådinga er det ikkje opna for taretråling i dette området.

Betty Hessevik, grunneigar i Eltvik, ber om at området aust for Stålet får same vern mot taretråling som området vest for Stålet. Ho har observert taretråling i Eltvika, og at det vart brukt reiskap som grov på botna. Ho meiner at taretråling vil ha negative konsekvensar for viktige gyte- og oppvekstområde for fisk, fordi trålinga påverkar botntilhøva i dei tråla områda. Eit forbod mot taretråling aust for Stålet vil difor vere positivt både for fiskebestanden og for korallar. I tillegg skriv ho at taretrålinga ikkje gjev positive ringverknadar lokalt, i motsetnad til lokalt sjarkfiske og turisme/fisketurisme, og at lokal ressursutnytting må vere ivareteke i ein slik plan.

Eltvik velforeining (v/ Øyvind Hansen) gir si fulle støtte til Stad marine verneområde. Foreininga meiner at dei argumenta ein har for å verne sør- og vestsida av Stadhalvøya også gjeld for nord-austsida av Stadhalvøya. Av omsyn til fritidsfisket, naturmangfaldet, og dei usikre effektane av taretråling, ber den difor også Stad kommune, i kommunedelplanen etter føre-var-prinsippet, seier at kommunen heller ikkje ønskjer taretråling i det føreslegne verneområdet.

Knut Eltvik, Øyvind Hansen og Betty Hessevik, grunneigarar i Eltvik, ønskjer at området aust for Stålet blir omfatta av det same vernet som områda sør og vest for Stadhalvøya.

Dei meiner taretrålinga fører med seg udokumenterte, men påviselege, negative effektar for både fiskeri og for strandsona. Dei erfarer at endra bølgeførhald i strandsona etter taretråling har ført til skade på naust, båtstøer og moloen i Eltvik, medan det i dei siste åra har vore ein tydeleg nedgang i talet på fisk som lever i tareskogen. Dei skriv at det har, dei siste åra, vorte vesentleg vanskelegare å fiske stor torsk i området, noko dei meiner delvis skuldast taretråling. Dei meiner at eit vern mot taretråling i heile den føreslegne verneområdet vil vere det beste både for det heilskaplege økosystemet og for miljøforhalda i strandsona.

Nordfjord Fiskarlag (v/ Njål Aarsheim) peiker på at ein variert tareskog er eit viktig oppvekstområde for fisk og skaldyr, og at det ikkje finst noko dokumentasjon på kva effekt taretråling har på krabbe og hummar. Likevel har fiskarane merka ein nedgang i fiskeriet i tida etter taretråling, før fiskeriet tek seg opp att etter kvart som tareskogen veks opp att. Vidare viser laget til føre-var-prinsippet, og at dette talar for å «frede området».

Kjetil F. Drange og Marianne B. F. Drange med totalt 12 personar frå Eltvik-området ønskjer å utvide verneområdet slik at det austlegaste punktet blir Rivjesundsholmane, samt at det i heile dette området blir forbode å tråle etter tare. Dei har erfart at taretråling gjer at ei større mengd tarerestar legg seg att på land. I tillegg peiker dei på mindre bølgedemping etter taretråling som ein mogleg årsak til at det er mindre sand på stranda i Eltvik no enn det var før. Dei trekk òg fram føre-var-prinsippet som eit argument for å forby taretråling, då det er usikkert kva effekt taretråling vil ha på økosystemet og naturmangfaldet i området på lang sikt.

Stad kommune ønskjer eit forbod mot taretråling i heile det føreslegne verneområdet, inkludert områda aust for Stålet. Kommunen stiller seg undrande til at verneforskriftene opnar for taretråling då dei ikkje opnar for botntråling, ettersom begge desse aktivitetane kan gjere like stor skade.

DuPont (tidlegare FMC Biopolymer/Pronova/Protan, omtalt som DuPont i verneprosessen) skriv til oppstartsmeldinga at verksemda med samarbeidspartnarar har hausta stortare i over 50 år mellom anna i Sogn og Fjordane. Råvaresituasjonen ved prosessanlegget har i dei seinare åra vore pressa, mellom anna grunna nye vernereglar. Selskapet peiker på at ein kvar ytterlegare utestenging frå eksisterande haustingsområde vil gje negativ effekt på drifta. Verksemda set pris på at Statsforvaltaren tek omsyn til råvaresituasjonen ved å opne opp for hausting aust for Stålet. DuPont erfarer at grindtrålen som blir nytta i haustinga av stortare, har minimal, eller ingen, slitasjeeffekt eller skadar havbotn. Verksemda meiner vidare at det er ikkje funne negative effektar av tarehausting på fisk og krabber. Fordi det ikkje er grunnlag for påstanden om øydeleggingar grunna tråleaktivitet, meiner dei at det heller ikkje er fagleg grunnlag for utestenging av kommersiell tarehausting i dei aktuelle områda. Den nemner også eksempel på område i nærleiken, som til dømes Sildekruna eller Einevarden naturreservat (verna i 1993), som vil kunne fungere som referanseområde, slik at det ikkje bør vere behov for dette rundt Stad. DuPont meiner marine verneområde kan bli oppretta samstundes som det er lov med taretråling og deltek gjerne i verneprosessen vidare.



*Statsforvaltaren* ser at det er motsetningar mellom taretrålingsinteressene og lokale interesser. Det har komme klare ønskje og krav frå lokalsamfunnet på Stad, samt frå kommunen, om å avgrense taretråling på Stad fordi dei meiner det går ut over det marine livet og at det oppstår erosjon og skade på anlegg. I utgangspunktet er taretråling ikkje tillate i marine verneområde fordi påverknaden på økosystemet er stor. Vi har utvida vernet og inkludert området på sørsida av Stad i tilrådinga til marint vern, men opnar samstundes for mogelegheit for å hauste av tareskogen aust for Stålet. Både på sørsida av Stad og på nordsida aust for Stålet er det stortareområde av svært stor verdi, og med ei slik løysing får samfunnet også eit godt grunnlag for over tid å sjå og vurdere verknaden som taretråling har på stortareskog samanlikna med tareskog utan industriell hausting.

Fiskeridirektoratet går sterkt i mot forslag om å utvide vernegrensene til å gjelde sørsida av Stadlandet. Utifrå hauste- /biomassedata ser området ut som veldig viktig for tarenæringa. Dei understrekar at tarenæringa, med framlegget som ligg føre for marint vern, vil miste høve til å hauste tare på store delar av vestsida av Stålet. Direktoratet er uroa for at konsekvensen kan bli eit større press på andre tarehaustingsfelt langs kysten, og meiner at det ikkje er kome forskingsresultat som seier at tarehausting påverkar fiskeria negativt i stor grad. For Fiskeridirektoratet er det viktig at tarehaustingsfelt som har størst nytte for tarenæringa framleis er opne for taretråling, og foreslår difor at forbodet mot taretråling innafor verneområdet vert avgrensa til eit område frå Furestaven til Kjerringa (Dekkjene naturreservat). Alternativt foreslår direktoratet at heile verneområdet Stad blir innskrenka til berre å gjelde område frå Furestaven til Kjerringa (Dekkjene naturreservat).

*Statsforvaltaren* viser til kommentaren til DuPont si uttale. For vurderingar av vernegrense viser vi til kapittelet Vernegrense.

#### 5.4 Kommune- og reguleringsplanar

Møre og Romsdal fylkeskommune har ingen vesentlege merknadar til verneframlegget, men ber om at det blir lagt vekt på eventuelle merknadar frå Sande kommune, som grensar til delar av det føreslegne verneområdet.

*Statsforvaltaren* beklagar at Sande kommune falt ut av høyringslista, men ser at Sande kommune stod på kopilista i brevet frå Fylkeskommunen. Vi viser til at høyringa har vore offentleggjort i eit breitt utval av plattformer. Sande kommune vert ikkje direkte påverka av eit eventuelt vernevedtak, og Statsforvaltaren i Vestland (tidlegare Fylkesmannen i Vestland/Fylkesmannen i Hordaland/Fylkesmannen i Sogn og Fjordane) har ikkje tidlegare hatt praksis for å sende slike dokument på høyring til alle nabokommunar. Sande kommune står på kopilista i denne tilrådinga.

Mattilsynet kan ikkje sjå at Stad marine verneområde kjem i konflikt med eksisterande eller avsett område for akvakultur i Stad kommune sin kommuneplan.

Eltvik velforening (v/ Øyvind Hansen) meiner Stad kommune, grunna fritidsfiske, naturmangfald og usikre effektar av taretråling, bør foreslå i kommunedelplanen, etter

føre-var-prinsippet, at det ikkje skal gå føre seg taretråling i det føreslegne verneområdet.

*Statsforvaltaren* visar til at Stad kommune for handsaming av dette innspelet.

### 5.5 Fysiske inngrep

Oljedirektoratet peiker på at Rådgivende utvalg for marin verneplan i si endelege tilråding 30. juni 2004 skriv at *Utnyttelse av eventuelle petroleumsressurser er ikke nødvendigvis i strid med verneformålet. Ved leting og produksjon må det stilles strenge krav til at det ikke er utslipp eller annen påvirkning som kan skade verneverdier på havbunnen.*

*Statsforvaltaren* viser til at utdraget som Oljedirektoratet har vist til er del av eit større avsnitt, og må bli lest i samanheng med heilskapen. Avsnittet er på side 26 i tilråding til marin verneplan: *Det foregår ikke petroleumsvirksomhet i noen av de foreslåtte områdene i dag. Det er imidlertid mulige petroleumsforekomster i 5 av områdene (Transekt fra Tromøya, FroanSularevet, Iverryggen, Røstrevet og Transekt fra Andfjorden). Utnyttelse av eventuelle petroleumsressurser er ikke nødvendigvis i strid med verneformålet. Ved leting og produksjon må det stilles strenge krav til at det ikke er utslipp eller annen påvirkning som kan skade verneverdiene på bunnen.*

Vi viser til at verneføremålet er knytt til sjøbotn. Det vil være i strid med verneføremålet å sprengje, grave, bore eller på anna vis plassere større tekniske installasjonar på botn i samband med petroleumsverksemd. Forvaltningsstyresmakta vil likevel kunne opne for å gje dispensasjon, dersom vilkåra er til stades, for legging av røyrleidningar, kablar eller liknande, gjennom eit marint verneområde, dersom det blir oppdaga petroleumsressursar utanfor. I tilråding til marin verneplan frå 2004 står det også på side 26 at *Utnyttelse av mineralske ressurser (sand, grus, m.m.), mudring, deponering av masser og plassering av større tekniske installasjoner i forbindelse med kraftproduksjon (tidevann, strøm, vind) bør som hovedregel unngås i de prioriterte områdene.*

Direktoratet for mineralutvikling (DFM) har ikkje innvendingar til oppstartmeldinga fordi det ikkje er registrert regionale eller nasjonalt viktige mineralressursar i direkte tilknytning til det føreslegne verneområdet. På Stad er det uttak i drift som ligg nært inntil grensa. Om det vert funne førekomstar av mineralske ressursar i verneområdet kan eventuelt uttak bli vurdert konkret i kvart enkelt tilfelle ut i frå den generelle dispensasjonsføresegnene i naturmangfaldlova § 48.

*Statsforvaltaren* viser til DFM si forståing av at uttak av mineralressursar må bli vurdert etter § 48 i naturmangfaldlova. Ved ein dispensasjonssak som involverer deponering av massar, utfylling, sprenging, med meir må forvaltningsstyresmakta leggje vekt på om tiltaket kan være eit trugsmål mot verneføremålet eller ikkje.

Kystverket har innspel gjeldande navigasjonsinnretningar, sjå avsnitt om Verneforskrifta.

Noregs Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) er ikkje kjend med at Stad marine verneområde er i konflikt med kjende vasskraftressursar. NVE ber om at Linja AS, som har områdekonsesjon i området, blir inkludert på høyringslista.

*Statsforvaltaren* beklagar at Linja AS falt ut av høyringslista. Vi ser at Linja AS er på kopilista i brevet frå NVE, og vi viser til at høyringa har vore offentleggjort i eit breitt utval av plattformar. Linja AS står på kopilista i denne tilrådinga.

## 5.6 Fiske og akvakultur

Mattilsynet kan ikkje sjå at Stad marine verneområde har negativ innverknad på dei områda dei forvaltar og har i oppgåve å medverke til at det blir teke omsyn til. Dette gjeld også akvakultur, då dei ikkje kan sjå at området kjem i konflikt med eksisterande eller avsett område for akvakultur i Stad kommune sin kommuneplan.

Nordfjord Fiskarlag (v/ Njål Aarsheim) stiller seg positive til det marine verneområdet rundt Stad, så lenge det ikkje går ut over bruken av aktive og passive reiskapar. Dei peiker på at ein variert tareskog er eit viktig oppvekstområde for fisk og skaldyr, og at det ikkje finst noko dokumentasjon på kva effekt taretråling har på krabbe og hummar. Likevel har fiskarane merka ein nedgang i fiskeriet i tida etter taretråling, før fiskeriet tek seg opp att etter kvart som tareskogen veks opp att. Vidare viser dei til føre-var-prinsippet, og at dette taler for å «frede området».

Stad kommune peiker på at fiskarane sine organisasjonar må få høve til å uttale seg i høyringsrundane, særleg gjeld dette reketrålarene sidan den sørlege utvidinga gjer at eit reketrålfelt i Sildegapet no kjem inn under verneområdet.

Fiskeridirektoratet skriv at det er fiske med snurrevad i vikene ved Stadlandet. Det er viktig at dette fisket kan fortsette uhindra av verneframlegget.

*Statsforvaltaren* viser til at tradisjonelt fiske, med både aktiv og passiv reiskap, som ikkje påverkar havbotn kan halde fram. Dette gjeld også snurrevad.

## 5.7 Hamner og naust

Vi viser til mange av dei same innspela som gjeld taretrålinga og kva effekt denne aktiviteten har på hamnar, naust, moloar og anna infrastruktur. Vi har ikkje fått inn innspel til høyringa om hamnar og naust, då vi i hovudsak har valt å trekke vernegrensa utanfor fiskerihamnene.

## 5.8 Testanlegg for flytande vindmølle

Noregs Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) informerer om at det er gitt konsesjon til Kvernevik Engineering AS for å byggje og drive eit testanlegg for flytande havvind i området. NVE har ikkje registrert at det er noko aktivitet i dette prosjektet, og skriv vidare at Kvernevik Engineering ikkje har sendt miljø-, transport- og anleggsplan til NVE innan fristen. Konsesjonen er gyldig fram til 01.01.2025, men det er mogleg å søkje om utsett frist for å setje i gang eller eventuelt ny konsesjon om Kverneland Engineering

ønskjer dette. NVE ber Kvernevik Engineering om å uttale seg i saka, samstundes som dei ber Statsforvaltaren om å ta kontakt med Kvernevik Engineering AS.

*Statsforvaltaren* har innarbeidd innspelet frå NVE i verneforskrifta med ein dispensasjonsheimel, etter søknad, for legging av kablar. Om mogeleg skal disse leggjast i korridorar (§ 5 bokstav c). Vi merkar oss at Kvernevik Engineering har fått tilsendt høyringa og ikkje kome med fråsegn. Dersom konsesjonssaka blir teke opp att, og Kvernevik Engineering søkjar og får innvilga utsett frist frå NVE, vil vi måtte handsame ein slik søknad som ein generell dispensasjonssak. Forvaltingsstyresmakta kan då gjere unntak frå forskrifta om det ikkje er i strid mot føremålet til vernevedtaket og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom tryggleikssyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.

## 5.9 Kulturminne

Riksantikvaren viser til at Fylkeskommunen er høyringspart for kulturhistoriske interesser i slike saker, og handsamar difor ikkje denne saka.

Bergen sjøfartsmuseum skriv at dei kjenner til marine kulturminne innanfor planlagd verneområde på Stad. Museet er positive til marine verneområde og dei effektane dette ha på dei marine natur- og kulturmiljø i områda. Det kan være aktuelt for museet å utføre fleire registreringar i områda i samband med planarbeid eller tiltak i framtida.

*Statsforvaltaren* ser positivt på at Bergen sjøfartsmuseum vil følgje opp i framtida. Vi har ikkje motteke innspel frå Fylkeskommunen som gjeld kulturminne.

## 5.10 Verneverdiar

Hoddevik velforeining (v/ Terje Hoddevik) er positiv til verneframlegget. Den støtter eit vern av Hoddevika og dei grunne områda kring Stad. Foreninga skriv at vern mot taretråling vil vere positivt for hummar og sjøfugl i området.

Hoddevik Grunneigarlag (v/ Terje Hoddevik) er positive til verneframlegget. Foreninga meiner stortareskogen er eit viktig oppvekstområde for artar som hummar og kysttorsk og at eit vern mot taretråling vil vere positivt for desse artane.

Kystverket skriv at eit marint verneområde, i kombinasjon med mindre skipstrafikk grunna ei realisering av Stad skipstunnel, vil kunne verke positivt på naturmangfaldet i området.

Dag Austring har på kart teikna inn tre område i Sildegapet med korallfelt og to område med raudfisk-populasjonar. I tillegg informerer han om at det i djupet rett nord for Kråkeneset skal vere eit stort korallfelt, noko han har fått fortalt av gamle fiskarar.

*Statsforvaltaren* set pris på denne informasjonen. Den byggjer opp under viktigheita av eit marint verneområde på sørsida av Stad som også inkluderer djupe område i Sildegapet.

Knut Eltvik, Øyvind Hansen og Betty Hessevik, grunneigarar i Eltvik, meiner at eit vern mot taretråling i heile den føreslegne verneområdet vil vere det beste både for det heilskaplege økosystemet og for miljøforhalda i strandsona.

Kjetil F. Drange og Marianne B. F. Drange med totalt 12 personar frå Eltvik-området trekk fram føre-var-prinsippet som eit argument for å forby taretråling, då det er usikkert kva effekt taretråling vil ha på økosystemet og naturmangfaldet i området på lang sikt. Dei 12 erfarer at taretrålinga fører til mindre bølgedemping og difor kan være ei mogleg årsak til mindre sand på stranda i Eltvik enn det var før.

Stad kommune ber om at områda aust for Stålet blir betre kartlagt.

*Statsforvaltaren* vil leggje til rette for kartlegging i arbeidet med ein forvaltningsplan for det marine verneområdet. Det vil bli eigne prosessar knytt til utarbeidinga av ein slik forvaltningsplan, med innspel, høyringar og møte.

### 5.11 Forvaltningsstyresmakt

Stad kommune meiner at Statsforvaltaren bør vere forvaltningsstyresmakt for det marine verneområdet, då kommunen per i dag ikkje har kapasitet til dette. Dette kan endre seg på eit seinare tidspunkt. Eit marint verneområde vil ved endeleg vedtak om vern vere eitt av fleire område i Stad kommune som har ein spesiell vernestatus. På land er det også utvalde kulturlandskap (UKL). Stad kommune ber om at forvaltninga av desse områda vert samkøyrd og dialog vert oppretta med kommunen om å få til ei god forvaltning av områda med spesiell vernestatus.

*Statsforvaltaren* viser til at Miljødirektoratet har mynde til å delegere forvaltningsmynde for eit framtidig verneområde etter naturmangfaldlova. Dersom Stad kommune ikkje har kapasitet til å ta på seg ei slik oppgave vil truleg Statsforvaltaren få delegert dette. Vi er samd i Stad kommune sitt ønskje om ei heilskapleg og samkøyrd forvaltning av verneområda på Stad, både dei marine og verneområde/UKL på land.

### 5.12 Avgrensing av området

Stad kommune stiller seg positive til forslaget om at Stad marine verneområde blir utvida mot sør.

Hoddevik Grunneigarlag (v/ Terje Hoddevik) meiner det bør stenges for taretråling i heile det planlagde verneområdet.


Torstein Fure skriv at ein bør stenge for taretråling på strekninga Fureneset - Liset.

*Statsforvaltaren* tilrår forbod mot taretråling i dette området Fureneset - Liset. Vi viser elles til kommentarar under kapittelet om taretråling.

Kjetil F. Drange og Marianne B. F. Drange med totalt 12 personar frå Eltvik-området ønskjer å utvide verneområdet slik at det austlegaste punktet blir Rivjesundsholmane, samt at det i heile dette området blir forbode å tråle etter tare.

Statsforvaltaren registrerer innspelet om utviding forbi Tungevågen og til det austlegaste utstikkande punktet på Stadhalvøya. Sidan vi allereie tilrår å utvide arealet såpass mykje på sørsida av Stad er det viktig å balansere ulike samfunnsinteresser og ikkje bandleggje endå meir som ligg utanfor mandatet for vern.

Fiskeridirektoratet går sterkt i mot forslag om å utvide vernegrensene til å gjelde sørsida av Stadlandet. Direktoratet foreslår at forbodet mot taretråling innafor verneområdet vert avgrensa til eit område frå Furestaven til Kjerringa (Dekkjene naturreservat). Alternativt foreslår direktoratet at heile verneområdet Stad blir innskrenka til berre å gjelde område frå Furestaven til Kjerringa (Dekkjene Naturvernområde), sjå figur 3.



Figur 3 Arealet markert med blå strek er framlegget som Fiskeridirektoratet foreslår skal være utan taretråling.



*Statsforvaltaren* registrerer innspelet frå Fiskeridirektoratet. Vi ser likevel at det er eit sterkt lokalt engasjement for å utvide verneområdet og ha strengare restriksjonar. Vi registrerer at både Nordfjord fiskarlag og Sogn og Fjordane fiskarlag ønskjer sterkare vern og større taretrålfrie område og skriv at det er for å ta omsyn til oppvekstområde for marine artar, og at lokale/regionale fiskeriinteresser såleis er ueinige med Fiskeridirektoratet. Arealet som Fiskeridirektoratet foreslår for forbod mot taretråling vurderer vi som veldig lite samanlikna med oppdraget og mandatet vi har fått.

### 5.13 Verneforskrifta

Kystverket har innspel til verneforskrifta § 5 bokstav a, der det er opna for at ein kan søkje dispensasjon for oppføring av naudsynte navigasjonsinstallasjonar. Kystverket meiner at det bør vere eit generelt unntak frå vernereglane for dette, slik at det ikkje ligg til forvaltningsstyresmakta å vurdere om ei naudsynt navigasjonsinnretning kan bli etablert. Dei skriv at det også bør vere eit generelt unntak for fjerning, nyetablering og endring av navigasjonsinnretningar, då dette kan vere med på å redusere risikoen for uhell i området. Difor føreslår dei følgjande ordlyd for § 4 bokstav h: (Generelle unntak frå vernereglane) Oppføring, fjerning, drift og vedlikehald av navigasjonsinnretningar og farvass-skilt.

*Statsforvaltaren* viser til at det i den føreslegne verneføreskrifta er mogleg å søkje om dispensasjon til oppføring av naudsynte navigasjonsinstallasjonar og andre farleitiltak for å trygge ferdsle til sjøs (§ 5 a). Ved å nytte dispensasjon framføre eit generelt unntak, oppnår vi at det er mogleg å etablere naudsynte navigasjonsinstallasjonar for å redusere risikoen for uhell i verneområdet, samstundes som vi kan setje vilkår om best mogeleg driftsmetode. Til dømes kan aktuelle vilkår være tidspunkt for anleggsarbeid, trasé for eventuelle kablar, eller liknande. Vi viser elles til dialog på direktoratsnivå, der ein har blitt samde om slike standardformuleringar.

Stad kommune ønskjer at det blir presisert i teksten i verneforskrifta, ikkje berre på detaljkartet, at verneområdet si grense mot land er annleis kring fiskerihamnene enn elles. Vidare skriv kommunen at det er viktig at verneforskrifta § 3 bokstav c ikkje blir til hinder for etablering av nye avløp som er godkjend etter anna lovverk. Då ønskjer kommunen at dette blir inkludert i verneforskrifta § 4. I § 4 ønskjer Stad kommune òg å inkludere ei presisering om at vernereglane ikkje skal vere til hinder for vedlikehaldsmudring av kanal til båtstø og naust. Stad kommune meiner at det i § 5 bør være ope for å kunne vurdere dispensasjon til mindre uttak av sand til eige bruk (til grunneigarar). Kommunen forutset at § 6 i verneforskrifta vil bli brukt aktivt, til dømes for å gi dispensasjon for ny teknologi som ikkje strider med verneformålet.

*Statsforvaltaren* tek innspela til etterretning og viser til endringar i verneforskrifta i vår tilråding. I forskrifta § 2 presiserer vi no at verneområdet har grense mot land langs djupnekote 2 m under sjøkartnull for heile området, unntatt der verneområdet er trekt utanom fiskerihamner og annan infrastruktur og der verneområdet grensar til naturreservat på land. Dette vil òg gå fram av vernekartet. For å lette forståinga av korleis verneområdet er avgrensa, føreslår vi også nokre fleire justeringar av verneforskrifta § 2. Når det gjeld nye vann- og avlaupsleidningar gjeld det generelle unntaket i § 4 berre for eksisterande leidningar. Det er ope for å søkje dispensasjon for nye vann- og avlaupsleidningar etter

verneforskrifta § 5 bokstav b. Dette gjer at vi kan balansere behovet for nye tiltak opp mot verneverdiane i området. Den same vurderinga gjeld vedlikehaldsmudring, der det er høve til å gje dispensasjon etter verneforskrifta § 5 g. Mindre uttak av sand til eige bruk vil vanlegvis være ein grunneigar som gravar opp mindre mengde frå si eiga strand for bruk på gardsbruket, til vinterstrøing, eller til anna tradisjonelt bruk i liten målestokk. Dette vil kunne fortsetje uavhengig av eit marint vern eller ikkje fordi vernegrensa går på djupnekote 2 meter under sjøkartnull. Unntaket vil være der grensa til eit eksisterande verneområde på land møter grensa til det marine verneområdet, som t.d. utanfor Tungevågen.

Det har ikkje kome innspel i høyringsrunden som tilseier at det er trong for å gjere innhaldsmessige endringar i verneforskrifta. Vi har likevel nokre endringsframlegg for å gjere den geografiske avgrensinga av verneområdet tydelegare. Av pedagogiske årsaker ønskjer vi å innleie føresegna med leddet som viser til at grensene for det marine verneområdet er fastsett i kartet. På denne måten vil vi gjere det tydeleg at det er vernekartet som set grensene for verneområdet, medan andre ledd gjev ei språkleg omtale av korleis grensene går. I tillegg fastslår siste punktum i andre ledd at verneområdet femner om både overflata, vassøyla og sjøbotn. Vi føreslår òg nokre få presiseringar og endringar for å få ein betre samanheng både i sjølve verneforskrifta og opp mot andre verneforskrifter med tilsvarande restriksjonsnivå. Ei slik presisering er å endre ordlyden i § 5 bokstav e frå småbåthamn til småbåtanlegg, då «anlegg» gir eit betre bilete av kva omfang heimelen gjev grunnlag for å vurdere. Dei konkrete endringane er nærare omtalt i kapittel 3.2.

## **6. Vårt framlegg til forskrift for Stad marine verneområde**

# Framlegg til forskrift om vern av Stad marine verneområde i Stad og Kinn kommunar i Vestland fylke

**Heimel:** Fastsett ved kgl.res. med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34, jf. § 39 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

## § 1. (Føremål)

Føremålet med Stad marine verneområde er å ta vare på eit spesielt kystområde med trua, sjeldan og sårbar natur med eit rikt dyreliv, og som representerer naturtypar av særskilt naturvitskapleg verdi. Det er ei målsetjing å halde verneverdiane utan større grad av ytre påverknad, og området skal kunne tene som studieområde for forskning og overvaking, medrekna referanseområde for å kunne studere effektar av tarehausting

Stad er eit uvanleg vêrhardt område på den inste delen av kontinentalsokkelen utover frå land, og geologi og mangfald ber preg av det. Mykje av det særprega biologiske mangfaldet er knytt til havbotnen, mellom anna korallar og store areal med tareskog. Dette er viktige oppvekst- og beiteområde for eit mangfald av marine artar.

Verneføremålet knyter seg til sjøbotnen.

## § 2. (Geografisk avgrensing)

Grensene for det marine verneområdet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet xx.

Det marine verneområdet dekker eit sjøareal på 166,7 km<sup>2</sup>. Verneområdet har grense mot land langs djupnekote 2 m under sjøkartnull for heile området unntatt der verneområdet er trekt utanom fiskerihammer og annan infrastruktur og der verneområdet grensar til naturreservat på land. Verneområdet femner om overflata, vassøyla og sjøbotn.

Det marine verneområdet omfattar følgjande gnr./bnr. i Stad kommune:

235/31, 245/1, 245/2, 245/3, 245/4, 245/5, 245/6, 245/7, 245/8, 245/9, 245/10, 245/11, 245/12, 245/13, 245/14, 245/15, 245/16, 245/18, 245/19, 245/20, 245/22. Ved desse eigedomane er også landareal i tidevassona opp til middel høgvatn (normal flo) inkludert.

## § 3. (Vernereglar)

I det marine verneområdet må ingen setje i verk noko som skader verneverdiane nemnt i verneføremålet. Følgjande vernereglar gjeld:

- a. Vegetasjonen, medrekna tang, tare og andre marine planter, er verna mot skade og øydelegging. Planting av vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet i sjø er verna mot skade og øydelegging. Utsetjing av organismar er forbode.
- c. Området er verna mot tiltak og inngrep som kan skade verneverdiane som t.d. etablering av ulike typar anlegg, utfylling, byggeverksemd, plassering av konstruksjonar på sjøbotnen, andre varige eller midlertidige innretningar, legging av røyrløysingar og kablar, utføring av avløpsvatn og andre konsentrerte tilførsler av ureining, utslepp av ureinsa ballastvatn, mudring, uttak og deponering av masse, sprenging, boring, utslepp av kjølevatn frå land, omrøyring av vassmassar og oppankring. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.

Miljødirektoratet kan av omsyn til korallførekomstar ved forskrift regulere eller forby verksemd i det marine verneområdet.

#### **§ 4. (Generelle unntak frå vernereglane)**

Vernereglane i § 3 er ikkje til hinder for:

- a. gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, oljevern, rednings- og oppsynsverksemd (ikkje øvingsverksemd), samt gjennomføring av skjøtsel eller forvaltingsoppgåver som er bestemt av forvaltingsstyresmakta
- b. anlegg av mindre fartøysfeste for småbåt, medrekna fastfortøyning og dragfortøyning. Fortøyingsmiddel på faste fortøyningar må være i stein eller anna materiale som ikkje forureinar
- c. hausting av viltlevande marine ressursar i samsvar med havressurslova og andre lover og forskrifter, med unntak for:
  1. hausting av stortare sør for Stad og vest for Stålet, likevel slik at sinking av tang og tare ned til lågaste flomål for rettshavarar eller til undervisning er tillate
  2. fiske med aktive fiskereiskap som slepast og røytrer botn, likevel slik at bruk av snurrevad er lov
- d. tradisjonell låssetjing av fisk
- e. fiske i samsvar med lakse- og innlandsfiskloven
- f. jakt og fangst i samsvar med andre lover og forskrifter
- g. ferdsel med båt eller andre fartøy, og oppankring mot land for småbåt.
- h. drift og vedlikehald av eksisterande sjømerke og andre navigasjonsinstallasjonar
- i. drift og vedlikehald av eksisterande sjøkablar og naudsynte reparasjonar ved akutt utfall
- j. drift og vedlikehald av andre eksisterande anlegg og innretningar, medrekna vann- og avlaupsleidningar, vegar, bruer, hamner, brygger, moloar, båtstøer og naust
- k. oppgradering og fornying av eksisterande sjøkablar for å heve spenningsnivå og auke linjetverrsnitt når dette ikkje føreset vesentlege fysiske endringar som ikkje er i samsvar med verneføremålet

#### **§ 5. (Spesifiserte dispensasjonsreglar)**

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje dispensasjon til:

- a. oppføring av naudsynte navigasjonsinstallasjonar og andre farleistiltak for å trygge ferdsla til sjøs
- b. legging av kablar og røyrleidningar, så langt som mogleg samla i korridorar
- c. oppgradering og fornying av sjøkablar som ikkje fell inn under § 4
- d. tilretteleggingstiltak for friluftsliv
- e. småbåtanlegg medrekna m.a. flytebrygger og fortøyningar
- f. bølgedempingar og moloar i samband med småbåtanlegg
- g. tekniske tiltak som inneberer små inngrep på botnen og som ikkje påverkar dei marine verneverdiane inkl. vassutskifting og straumforhold nemneverdig
- h. vedlikehaldsmudring
- i. istandsetting, skjøtsel og vedlikehald av kulturminne
- j. akvakultur som ikkje er i strid med verneføremålet
- k. levandelagring av villfanga fisk inntil 12 veker

1. uttak av framande, introduserte artar.

**§ 6. (Generelle dispensasjonsreglar)**

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta om det ikkje er i strid mot føremålet til vernevedtaket og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom tryggleikssyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.

**§ 7. (Skjøtsel)**

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den naturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

**§ 8. (Forvaltingsplan)**

Forvaltingsstyresmakta skal utarbeide ein forvaltingsplan med nærare retningsliner for forvaltning og skjøtsel av det marine verneområdet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

**§ 9. (Forvaltingsstyresmakt)**

Miljødirektoratet fastset kven som skal ha forvaltingsstyresmakta etter denne forskrifta.


**§10. (Rådgevande utval)**

Det kan opprettast eit rådgevande utval for forvaltinga av verneområde.

**§ 11. (Iverksetjing)**

Denne forskrifta tek til å gjelde straks.

## 7. Vernekart: Oversiktskart og detaljkart





■

■

■

■

■

■



-

■